

Rettleiing til årsmelding for lokalkringkasting

Elektronisk skjema

Du fyller ut skjemaet i den elektroniske skjemaløysinga vår: www.medietilsynet.no

Når du opnar skjemaet får du valet mellom å logge deg inn, registrere deg som ny brukar eller gå til skjemaet utan å logge inn. Dersom du vel å logge inn, får du høve til å mellomlagre søknaden, og du får ei oversikt over alle søknader du har sendt inn tidlegare. Vi oppmodar alle til å registrere seg som brukar. Brukarnamn og passord fastset du sjølv.

I skjemaet ber vi om deg fyller inn organisasjonsnummeret. Dette feltet er kopla opp mot Brønnøysundregistra, og namnet vil bli fylt inn automatisk – dette for å sikre at organisasjonsnummeret er riktig.

Når skjemaet er sendt inn vil du motta ein referansekode. *Dersom du ikkje er innlogga, må du skrive ned denne koden for bruk ved seinare dialog med oss.* På slutten av skjemaet ber vi deg fyller inn ei e-postadresse. Til denne e-postadressa vil du motta ei kvittering for innsendt skjema og vedlagt ein kopi av skjemaet i pdf-format.

Dersom du ved ein feil *ikkje* mottar ei stadfesting på e-post, må du kontakte oss for å kontrollere at skjemaet har komme fram.

Skjemaet finn du på nettsidene våre www.medietilsynet.no. Dersom du har spørsmål til utfyllinga, kan du ringe oss for nærmare rettleiing på 69 30 12 00 eller sende e-post til post@medietilsynet.no.

Om utfylling av medarbeidarar i lokalkringkastingsverksemda per 31.12.16

- Tal på lønna medarbeidarar (heiltid) = betalte medarbeidarar som arbeidde i 100 pst. stilling siste år (dei som berre har mottatt honorar eller liknande, blir ikkje rekna som lønna medarbeidarar)
- Tal på lønna medarbeidarar (deltid) = betalte medarbeidarar som arbeidde i mindre enn 100 pst. stilling siste år (dei som berre har mottatt honorar eller liknande, blir ikkje rekna som lønna medarbeidarar)
- Tal på lønna årsverk = Arbeid utført av lønna medarbeidarar siste år (eitt årsverk = 1 725 timar)
- Tal på frivillige medarbeidarar = ulønna medarbeidarar (kan ha mottatt reisegodtgjersle eller fått refundert egne utgifter etc.)

Om utfylling av sendeverksemd

Total sendetid kan maksimalt vere 8 760 timar i året (24 timar x 365 dagar).

Om utfylling av økonomi

1. Når det gjeld nøkkeltala for 2016, skal du gi eit så godt overslag som mogeleg dersom rekneskapen ikkje er endeleg avslutta eller revidert. Mangel på sikre tal er derfor ikkje grunn til å la vere å levere fullstendig utfylt årsmelding innan fristen. Dersom det er avvik mellom nøkkeltal for 2015 som blei innrapportert til tilsynet i fjor og nøkkeltal i revidert årsrekneskap for 2015, skal du også fylle ut kolonnen for driftsrekneskap for 2015.
2. Berre selskap som er rekneskapspliktige skal fylle ut kolonnane for balansetala. Foreiningsradioar o.a. treng ikkje fylle ut balansetal. Av omsyn til å få registrert pålitelege nøkkeltal over tid, skal du fylle ut tala frå avslutta eller revidert årsrekneskap for 2015.

Endringar av namn, adresse o.a.

Vi gjer merksam på at dersom det har skjedd endringar, som for eksempel namn på radiostasjonen, e-postadresse, postadresse, telefonnummer, ansvarleg redaktør, styreleiar eller dagleg leiar, skal dette meldast til Medietilsynet på eige skjema (4001/4101 Endring av opplysningar), jf. kringkastingsforskrifta § 1-6. Dette skjemaet finn du også på våre nettsider.

Årsmeldingsskjemaet skal ikkje nyttast til å melde frå om slike endringar.